

Sakliste og saksdokumenter for årsmøte i Skjåk IL, 2024

Bismo 6/3-24

Styret viser til innkalling til årsmøte av 14.feb 2024

Årsmøtet er den 21.mars kl 19.00 på Skjåk Turistheim.

- Sak 1: Godkjenne dei stemmeberettiga medlemmane
- Sak 2: Velge dirigent
- Sak 3: Velge protokollfører
- Sak 4: Velge to medlemmar til å underskrive protokollen
- Sak 6: Godkjenne innkallinga
- Sak 7: Godkjenne saklista
- Sak 8: Behandle idrettslaget si årsberetning og gruppeårsmeldingar
- Sak 9: Behandle
 - Sak 9.1 Idrettslaget sitt rekneskap
 - Sak 9.3 Behandle kontrollutvalget si beretning
- Sak 10: Behandle forslag og saker
 - 10.1 Forslag fra hovedstyret om å øke stillingsprosent daglig leder fra 70 til 100%
- Sak 11: Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsette treningsavgifter.
- Sak 12: Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2024
- Sak 13: Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan
- Sak 14: Valg 2024
 - 14.1 Hovudstyre og undergrupper
 - 14.2 Kontrollutvalg:
 - 14.3 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnevne representantane
 - 14.4 Valgkomité
 - 14.5 Øvrige valg i henhold til idrettslaget sin organisasjonsplan

Vedlagt følger fylgjande dokument:

- Idrettslaget si årsberetning, herunder gruppeårsmeldingar
- Rekneskap i revidert stand
- Kontrollutvalget si beretning
- Styret si økonomiske beretning
- Forslag og saker, herunder eventuelle lovendringar
- Styret sitt forslag til medlemskontingent, og eventuelt treningsavgifter eller vedtak om fullmakt
- Styret sitt forslag til budsjett
- Styret sitt forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteen si innstilling
- Styret si innstilling til ny valgkomité

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Ola Aaboen kontaktes på 95257943 eller ola@sebb.no

Med helsing frå
Styret, Skjåk IL

Årsmelding for hovudlaget, Skjåk IL 2023

Styrearbeid

Hovudstyret har etter årsmøtet i mars 2023 bestått av fylgjande personar:

Ola Aaboen (leiar), Gregor Ingar Gjerdet (nestleiar), Merete Dagsgard (sekretær), Kjell Aaboen (styremedlem), Anna Omenås Gubhage (styremedlem). Øyvind Teigen er varamedlem.

Gruppeleiarar har etter årsmøtet i mars 2023 vore: Lisbeth Rishheim (håndball), Anne Mette Gjelbakken (turn), Ragnhild Hesla Breie (svømming), Ola Løkken (fotball), Simen Toven (Fjellgeita), Stian Bøhle (padling og kampsport), Liv Hege Rønningen (Friidrett), Ronny Brukveen (ski og skiskyting), Stine Leirmo (Barnetrimmen)

Styret har dette året gjennomført 9 møter.

Styret har blant anna arbeidd med desse sakene i året som har gått:

- Medlemsadministrasjon
- Sponsorarbeid
- Oppdatert heimesida, skjakil.no
- Bistand til undergruppene
- Meir aktivitet i sosiale medier
- Ferdigstilt aktivitetsparken i Gamleheimstrædet
- Søknadar, økonomisk støtte
- Fortsatt arbeidet med å få til utlånsbua
- Aktivitetar for flyktningane
- Arrangert Tinstafett
- Arrangert Idrettsveke

Dagleg leiar Tea Karoline Mork begynte i ny jobb i kommuna, ny dagleg leiar vart ansatt

14.10.23: Elin Stasviken Sperstad

Medlemstal	
2010	444
2011	533
2012	481
2013	522
2014	616
2015	610
2016	597

Medlemstal (forts)	
2017	523
2018	506
2019	628
2020	524
2021	546
2022	610
2023	641

Økonomi, miljø m.m

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilete på utviklinga og stillinga til Skjåk Idrettslag pr. 31.12.2023 og syner til offisielt rekneskap med noter. Rekneskapen syner eit samla underskot på kr 117.938,- som styret foreslår blir dekt av eigenkapitalen. Etter dette har Skjåk Idrettslag ein eigenkapital på kr 2.591.749,-

Styret meiner at vilkåra for framleis drift er til stades og årsrekneskapen for 2023 er sett opp under denne føresetnaden.

Styret er merksame på at det er eit underskot i 2023. Årsakene til dette er både stor aktivitet i gruppene og satsing på utlånsbua. Styret meiner det har vore rett å bruke ekstra midlar på drift av gruppene, dette viser berre at det er mykje aktivitet. Arbeidet med å få i stand ei utlånsbu har det også vorte brukt ekstra midler på, men dette blir eit fantastisk tilbod som vil være eit gode for alle.

Skjåk Idrettslag har framleis ein solid økonomi og styret meiner at det vil vere positivt å nytte denne posisjonen til positive aktivitetar og prosjekt. For å kunne oppnå dette ynskjer styret å auke stillingsprosenten til dagleg leiar til 100%, budsjettet for 2024 er derfor sett opp med eit underskot på om lag kr 150.000,-

Laget forureinar ikkje det ytre miljøet.

Aktivitet i laget

Aktivitetane i Skjåk idrettslag skjer i gruppene og vi viser til deira årsmeldingar. Hovudoppgdraget til styret i hovudlaget er å legge til rette for at ressursane, både i kroner og av frivilljuge, blir nytta til å skape aktivitetar. Skjåk idrettslag har eit godt og variert idrettstilbod.

Styret vil rette ein stor takk til alle som har lagt ned ein stor innsats for idrettslaget!

Skjåk, 7.mars 2024

I styret for Skjåk Idrettslag:




Ola Aaboen
- Leiar -




Gregor Ingar Gjerdet
- Nestleiar -



Merete Dagsgard
- Sekretær -



Kjell Aaboen
- Styremedlem -



Anna Omenås Gubhage
- Styremedlem -



Elin Stasviken Sperstad
- Dagleg leiar -

Handlingsplan for hovudlaget, Skjåk IL 2024

Skjåk idrettslag består av eit hovedlag som organiserer drifta av fylgjande undergrupper:

- Håndball
- Turn
- Fotball
- Svømming
- Friidrett
- Kampsport
- Fjellgeita
- Ski/skiskyting
- Barnetrimmen
- Dametrimmen
- Innebandy
- Oldboys
- Spinning
- Badminton
- Padling

I tillegg har vi eit samarbeid med Skjåk Turløyper.

Undergruppene tilbyr mange aktivitetar for store og små i både Lom og Skjåk. Gruppene utarbeider sjølv eigne handlingsplanar, og fylgjer vanleg oppsett for aktivitetar gjennom året.

Idrettslaget kjem i 2024 til å arrangere:

- Åsen Rundt (17.mars)
- Påskesprinten (28.mars)
- Vårturnering (fotball)
- Tinestafetten 28.mai
- Idrettsveke (veke 26 og veke 33)
- Flækøyhøe Upp 15.juni
- Tine fotballskule (to dagar i veke 33)

Hovedstyret og dagleg leiar vil i 2024 jobbe med:

- Ha eit godt samarbeid med alle undergruppene
- Oppretthalde og auke aktivitet i undergruppene
- Ha ei velfungerande organisering av alle undergruppene.
- Rydde opp i medlemsregisteret
- Jobbe for at Skjåk IL er eit attraktivt lag å vera medlem i
- Oppdatere Klubbhåndboka

- Sponsorarbeid, herunder oppdatere infoskriv til sponsorar
- Halde heimesida skjakil.no oppdatert
- Være aktiv på facebook og instagram
- Lage infohefte som elevar på skulen får ein gong i løpet av året
- Få opna Utlånsbua for alle
- Søke etter økonomisk støtte til aktivitetar og utstyr
- Samarbeid med Flyktingtenesta
- Gjere Mitt Varsel – portalen kjent blant medlemmane
- Fortsetje arbeidet for Fleirbrukshall Botn
- Fortsetje arbeidet for Pumptrack på Dønfoss
- Få til eit samarbeid med Skjåk Hestlag

Handlingsplanen kan korrigierast gjennom styremøter i hovedstyret.

Skjåk 7.mars 2024

For styret:



Ola Aaboen

- Leiar -

Symjegruppa, Årsmelding 2023

Styret i 2023 har hatt fylgjande samansetjing:

Leiar:	Ragnhild Hesla Breie (på valg i 2025)
Kasserar:	Randi Festervoll (på valg i 2024)
Sekretær:	Tora Slettom (på valg i 2025)
Symjekursansvarlig:	Stine Leirmo (på valg i 2024)

Det har vore 4 ordinære styremøter + årsmøte i løpet av 2023, i tillegg til eit oppsummeringsmøte med instruktørar og symjekursansvarleg.

Symjegruppa er medlem av NSF og Norges Svømmeskole, og forpliktar seg til å fylgje deira undervisningsopplegg og retningslinjer for utdanning av instruktørar. Vi har tilgang til kursadministrasjonsverktøyet tryggivann.no, som vi brukar til påmelding og oppfylgning av kursa våre. Stine Leirmo har vore symjeskuleansvarleg.

Symjegruppa har avtale med Klubben om Klubb-rabatt fram til oktober 2024; 20% for symjeutstyr/klede. Rabatten kan nyttast av både kursdeltakarar og Symjegruppa. I tillegg gjeld Skjåk IL sin rabatt på 20% hjå Rusten Sport.

Våren 2023 hadde vi symjekurs både i Lom og Skjåk. Vi hadde totalt 74 deltakarar, fordelt på fylgjande kurs:

	<i>Lom</i>	<i>Skjåk</i>	<i>Total</i>
Kval:	8 deltakarar	11 deltakarar	19
Skilpadde:	6 deltakarar	9 deltakarar	15
Pingvin:		11 deltakarar	
Selunge:		11 deltakarar	
Sel:		9 deltakarar	
Sjøløve:		5 deltakarar	
Delfin:		0 deltakarar	
Hai/trening:		4 deltakarar	

Frå hausten 2023 hadde vi redusert kapasitet på symjekursa. Vi inngjekk leieavtale av symjehallen i Utgard med Lom Kommune. Det viste seg å vera vanskelig å få tak i instruktørar i Lom. Dette, i kombinasjon med mindre basseng gjorde at ikkje kunne gjennomføre ei komplett kursrekke denne hausten. Vi hadde totalt 27 deltakarar, fordelt på fylgjande kurs:

Kval:	9 deltakarar
Skilpadde:	10 deltakarar
Pingvin:	8 deltakarar

Totalt i 2023 har vi hatt 101 deltakarar på kursa våre.

Samarbeidet med Lom kommune har vore bra. Dei har vore behjelpelige med å legge best mogleg til rette for gjennomføring av kursa våre.

Vi har ikkje hatt noko samarbeid med andre klubbar dette året.

På grunn av stenging av Skjåkhallen har vi heller ikkje kunne tilby førskulesymjing for barnehagane. Vi valgte å opne Kval-kursa for førskuleungane på hausten. Vasstilvenning har ikkje vore gjennomført pga få påmeldte.

Vi har ikkje gjennomført instruktørkurs i år. Dette er noko vi vil prioritere når symjehallen i Skjåk opnar igjen.

Symjegruppa har eit overskot på kr 14 005,03. Overskotet kjem hovudsakleg frå mindre utgifter til lønn for instruktørar. Hausten 2023 var det tilnærma fulle kurs i Lom og vi klarte oss med færre antal instruktørar. Auka også prisen på kursa noko hausten 2023(650/500kr).

Skjåk, 23.02.24.

Ragnhild Hesla Breie,

Leiar Symjegruppa, Skjåk IL.

Turn, Årsmelding 2023

-Sikringskurs i Januar

-Turnstevne på Hamar 10-11 Juni.

-Skjåk turngruppe ble kåret til tropp med flest deltagere i forhold til medlemmer i turn gruppe.

Flere av våre turnere fikk medaljer for 8, 9, og 10 års deltagelse på stevne.

-Stilte med 12 deltagere på Opplanspokalen i Håkonshallen, for første gang på mange år.

Var da største tropp i gymnastikkhjul.

Alle fullførte sine øvelser på ein fin måte. (stor prestasjon å gå alene ut på golvet i Håkonshallen)

Turn, Handlingsplan 2024

Trening mandagar. Ca 140 turnere. Og 20 trenere.

Hjul trening onsdager ca 10 stk. 3-4trenere.

Vi har oppstart møte med trenere om høsten.

Ellers lite med møter da heile styret er med som trenere, eventuelle problem blir tatt opp før, under eller etter trening.

-oppfriskningskurs for våre trenere.

-Innkjøp av airtrack og tjukkas.

-sender to turnere på workshop gymhjul i Bodø 13-19 juli.

-Deltagelse på barnekretsturnstevne 8-9 juni 2024 Rena IL

- Håper på kunne gjennomføre juleoppvisning i des 2024.

Symjegruppa, Handlingsplan 2024

Som symjegruppe ynskjer vi å "Gje alle barn og unge eit tilbod om symjeopplæring, der dei opplever mestring og framgang».

Våren 2023 hadde vi tilnærma full kursrekke i Skjåk, men pga renovering av Skjåkhallen og nedtsengjing av symjehallen vart kursrekke redusert. Dette påverke aktiviteten vår frå hausten 2023. Det viste seg å vera vanskelig å få tak i instruktørar til kursa våre i Lom. Dette, i kombinasjon med størrelsen på bassenget i Lom, gjorde at det kun vart gjennomført 3 kurs hausten 2023. Samarbeidet med Lom kommune og Utgard har vore bra og vi ynskjer å fortsette med dette så lenge symjehallen i Skjåk er nedstengt.

Fortsette å tilby kurs i Lom

Så lenge symjehallen i Skjåk er stengt, ynskjer vi å fortsette med dei kursa vi har hatt fram til no. Utfordring med størrelse på basseng og få instruktørar i Lom begrenser aktiviteten vi kan tilby. Det blir også viktig å kunne oppretthalde eit tilbod for å halde rekrutteringen vedlike.

Alle kursdeltakarane skal oppleve å vere trygge og bli sett

På kursa har vi tett vaksen-tettheit. Det er få ungar pr vaksen, dette er noko vi vil halde fram med. Er det sjukdom eller fråfall blir det sett inn vikarar. Ungane er også på faste små grupper og har faste vaksne når dei er på kurs. Vi meiner at det da vil ligge til rette for at ungane opplever tryggleik, blir sett og det vil ligge til rette for framgang og meistring.

Formidle informasjon om Symjegruppa Skjåk IL og kurs i symjegruppa sin regi på nettsider

Gjennom sosiale media som facebook-sida vår og Skjåk IL sine sosiale media, skal symjegruppa til ei kvar tid formidle informasjon om tilbod symjegruppa har. Her skal ein kunne finne informasjon om kva for kurs vi kan tilby og oppdatert informasjon angående kursa. Instruktørane brukar aktivt attendemeldingsfunksjonen på tryggivann. Her får føresette attendemelding om utviklinga til sin unge etter gjennomført kurs.

Søkje økonomisk støtte på aktuelle støtteordningar

Medlemmar av styret i samarbeid med dagleg leiar av Skjåk IL skal søkje midlar som legg til rette for, og skapar aktivitet for barn og unge.

Starte planlegging for sertifisering av fleire instruktørar ved opning av symjehallen i Skjåk

Hausten 2023 hadde vi utfordringar med få antal instruktørar som kunne stille i Lom. Det blir derfor viktig å kunne gjennomføre instruktørkurs når symjehallen i Skjåk opnar igjen. Det må leggast vekt på «bindingstiden på 1 år» kvar instruktør har med symjegruppa etter fullførte kurs.

Starte planlegging av para-symje-kurs i Skjåk i samarbeid med andre aktører

Vi har lenge hatt eit ynskje om å kunne arrangere kurs for unge med funksjonsnedsettingar når symjehallen i Skjåk opnar. Dette er i utgangspunktet eit dagskurs som blir gjennomført av Norges Svømmeforbund. Vi skal opprette dialog med NSF om moglegheiter for dette. Målet er å kunne involvere Bismo-tunet og spes.ped-avdeling ved SBUS.

Spinning, Årsmelding 2023 / Handlingsplan 2024

Spinning har trening måndager kl.18.30. Er ein jevn, trufast gjeng som møter opp, men totalt oppmøte varierar for kvar veke. Ingen påmeldingar, så det er berre å møte opp dei måndagane ein føler for det. Det brukar å "dabbe av" med oppmøte etter påske, så er ei vurdering kor lenge oss driv etter påske.

Dei nye lokala på "snikkeriet" er helt greie, oss har aldri vore bortskjemde med gode lokaler, så oss stiller ikkje store krav. Det er ynskje om at det på sikt kan bytast ut i alle fall deler av sykkelparken, da nokre av syklane er frå 2005 (dei har faktisk 20-års jubileum neste år 🥳) og resten er og ein del år gamle no, og er ikkje av same solide kvaliteten som dei eldste.

Grethe Sperstad

Ski- og Skiskyttargruppa, Årsmelding 2023

Verv i 2023:

Namn	Funksjon	Inn i Styret	Ut
Styret			
Ronny Brukveen	Leder	2019	
Håvard Morken Gartland	Sekretær	2018	
Tom Erik Myrum		2019	2023
Tom Andre Melby		2021	
Jon Roger Risheim		2021	
Nye Inn			
Charlotta Erikson		2024	

Karusellrenn 2023: Det ble arrangert 7 renn som inngår i karusell. Deriblant klubbmesterskap, Åsen rundt og påskesprint.

Klubbmeisterskap 2023: vart arrangert 12. februar, med 49 deltakrar. Og det ble kåret klubbmester i 5 klasser.

Skisportens dag: ble gjennomført som tradisjonelt, med skiskyting og diverse aktiviteter.

Familiedag Botnrunda/Åsen Rundt: ble arrangert 26.03, som en kombinasjon av Åsen Rundt, Botnrunda og vanlig karusellrenn. Det var dessverre en dag med veldig dårlig vær. Allikevel gjennomført 32 deltakere skirenn denne dagen

Påskesprinten: Ble arrangert på Grotli. Vi hadde 158 deltakere. Flott arrangement, med gode løyper.

Skiavslutning: Ble gjennomført som Kickoff i januar. Skistyretror at dette er en god løsnings, da det er mindre som skjer i januar, samt at vi da får en fin start på sesongen.

Løypekjøring: Skjåk Turløyper har køyrd opp løypenettet i Botn og Åsen rundt. Skistyret har selv kjørt løyper i Dønfoss.

Dugnader 2023:

- I dønfoss ble det ryddet skog, og kvist. I tillegg ble det kjørt på en del grus etter uværet Hans sine herjinger..
- Dugnad i Botn, med rydding av løype.
- Sjøppelsekkutkjøring.

Viktige inntekter: Tilskot frå hovudlaget, dugnadsinnsats for hovudlaget.

Skiskyting: Edvard Haugen konkurrerer for Skjåk IL i Junior Skiskyting. Han studerer på Toppidrettsgymnaset i stryn.

Samarbeid om løypekøyring: Skjåk Turløyper har ansvaret for oppkøyring av løypenettet i Skjåk, Dønfoss unnateke. Selskapet leiger trakkemaskin og snøskuterar av Skjåk IL. Skjåk Turløyper står for driftsutgifter på trakkemaskina, medan Skjåk IL kostar drift av snøskuterar. Leiar i Skigruppa sit i styret for Skjåk Turløyper.

Skjåk IL hovudlaget: Leiar i Skigruppa har delteke på årsmøtet i hovudlaget.

Ski- og skiskyttergruppa, Handlingsplan 2024

Renn 2024
Søn. 28.01 13:00 Botn Telenorrenn Alle Fristil
Ons 07.02 18.00 Dønfoss Karusellrenn Alle Klassisk
Søn 11.02 13.00 Botn Klubbmesterskap Alle Fristil
Ons 05.03 18.00 Dønfoss Karusellrenn Alle Klassisk
Søn 10.03 13.00 Botn Skisportens dag Alle Fristil
Søn 17.03 13.00 Botn Åsen Rundt/Bottrunda

I tillegg så har vi planer om dugnad i Dønfoss med påkjøring av masse/bark + at vi må ta en runde med krattrydderen – samt manuell rydding.

I Botn så må vi også kjøre en dugnad med krattrydding og manuell rydding med ryddesag samt motorsag for å sørge for at traseen ikke gror igjen.

Snøscooterne blir sendt på service rett etter sesongslutt.

Følge opp reparasjon av hall i botn – veling av teltduk.

For styret, Ronny Brukveen

Padling Årsmelding 2023

Aktivitet

Januar til april:

- Barnegruppe "mikropadling" fredagar i symjehallen
- Ingen bassengtrening for ungdom/ vaksne grunna forventa renovasjon.

Mai – oktober:

- Padletur på elv i raft for mikropadlarane i samarbeid med Skjåk adventure.
- Kajakkpadling for ungdom/ vaksen etter avtale.
- Utstyret vi har bidreg til meir aktivitet. Bispen fungerer bra som utstyrsbase.

Oktober til desember:

- Bassenget i Skjåk er stengt, og vi ventar til nyopning med innetrening.
- Padlegruppa har motteke kr. 30 000 i støtte frå Sparebank1 Lom og Skjåk til innkjøp av drakter, vestar og helmer. Vi kan etter dette introdusere gleda ved elvepadling som eit lågterskeltilbod-

06.03.2024 Stian Bøhle

Padling, Handlingsplan 2024

- Bassenget i Skjåk er stengt grunna renovasjon, så det blir ingen aktivitet på våren.
- Vi har godt grunnlag for barnegruppe når bassenget opnar att.
- Vi ynskjer samarbeid med ungdomskulen for å rekruttere ungdom

06.03.2024 Stian Bøhle

Kampsport, Årsmelding 2023

Styret: Edvard K. Mølmen og Stian Bøhle (leiar)

Januar – juni

- Kampsporttrening for vaksne ein dag i veka.
- Karatetrening for born ein dag i veka.
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim.
- Gradering for karate og sommeravslutning i juni.

Rydding frå andre etasje på Skjåkhallen grunna renovasjon. God deltaking på dugnad. Utstyret vart frakta til Gamle Skjåkmøbler og kommunalt lager på Skjåk energi,

Oktober – desember

- Kampsporttrening for vaksne inntil to dagar i veka.
- Nybyrjargruppe for ungdom/ vaksne ein dag i veka
- Karatetrening for born ein dag i veka.
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim.

Lokala på gamle Skjåkmøbler har fungert fint for kampsportgruppa. Spesielt for karate har det vore bra med spegelveggen for å sjå eigen teknikk. Ulempa med sambruken har vore at kampsportmatter må ryddast og leggast attende når det er dansehelg.

Kontingent i 2023/ 2024 er kr 400.

06.03.2024 Stian Bøhle

Kampsport, Handlingsplan 2024

- Kampsporttrening for vaksne, inntil tre dagar i veka.
- Karatetrening for born
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim vår og haust.
- Karategraderig i februar og juni.
- Kampsportgruppa har motteke ynskje om at karate har treningstider seinare på dagen. Gruppa vil vurdere om dette er mogleg før oppstart til hausten.
- Treningsrom til hausten blir i Skjåkhallen, og bruken av det nye rommet vil krevje god planlegging.

Handballgruppa Årsmelding 2023

Styret i Handballgruppa i Skjåk IL har i 2023 bestått av følgende personar:

Kari Eiesar	Styremedlem / sekretær
Sylfest Krogstad	Styremedlem / ansvar julekalender
Nina Kvalheim Kveum	Styremedlem / ansvar kiosk
Siv Andersbakken	Styremedlem / ansvar materialforvaltar
Marit Sletten	Styremedlem / ansvar økonomi
Lisbeth Risheim	Styremedlem / ansvar leiar
Liv Hjeltar	Styremedlem / ansvar lag og trenar

Styret i handballgruppa har hatt 7 møter i 2023/2024. På to av møta var alle trenarane også innkalla. Dette for så sikre dialog med laga gjennom året: På vårens siste styremøte var trenarane med og vi hadde ei lita avslutning til jul for styret og trenarane med kake på Allmenningje. Der evaluerte vi sesongen så langt.

Viktige arbeidsoppgåver for styret har vore påmelding til serie og turneringer, vaktlister for kamphelger i Skjåkhallen, innkjøp og vedlikehald av utstyr, kalenderarbeid og dommerutvikling. Våren 23 sette vi i gang med Spond for å få ned egendel til turnering. Innsamlinga var vellykka. Vi hadde også ein del arbeid med å rydde, kaste og flytte tingene våre i Skjåkhallen før resturering tok til.

Vi må sjølv ordne dommarar opp til og med J/G12. Krav til å dømme J/G12 er kurset dommer1. Lisbeth Risheim og Tonje Marita Bårdseng har vore dommarer denne sesongen.

Sesong	Sesongen 2017/2018	Sesongen 2018/2019	Sesongen 2019/2020	Sesongen 2020/2021	Sesongen 2021/2022	Sesongen 2022/2023	Sesongen 2023/2024
Lag	K4, J16, J14, J11x2, J10, J09, J8 og G8. 9 lag	J9, G10, J10, J11, J12 og K5.	2xJ8, J11, G10, J12, J14 og sr.	J9, G10, J10, J12, J14 og sr. 6 lag	J9, J10, G12, J14, sr. 5 lag	J8, G8, J10, J11*2, J14, G14, Sr. 7 lag	J/G 8, J/G 10, J12 og Sr. 4 lag.
Antal spelarar	82	76	75	64	50	80	55

Vårsesongen 2022/2023 hadde vi 7 lag og haustsesongen 2023/2024 hadde vi 4 lag. Vi samarbeider med Otta og Vågå så nokre jenter frå jenter J14 og J16 har trene og spelt med Vågå og Otta i vinter. J14 og G14 og oppover har hatt tilbod om å trene med damelaget. Få spelarar og lange reiseavstandar gjer det vanskeleg å få til lag for dei eldste. Kampane har vore i Utgard denne sesongen sidan Skjåkhallen er under restaurering. Våren 23 var J/G 10 og oppover på Moldecup. Våren 24 satsar vi på Strynscup frå J/G 10 og oppover. J/G8 er meldt på Isbjørncup i Vågå. Vi er heldige og har ein stabil gjeng trenarar. For sesongen vår 23/haust 23/vår 24 er det: Arnt Aurmo, Ruth Aurmo, Trine Sanden, Morten Kielland, Kjersti Røhr, Kjersti Welve, Lena Kolden, Olina Kveen, Ola Soglo og Lisbeth Risheim. Ruth slutta som trener frå hausten 23, Ola har ikkje hatt noko lag å trene da det ikkje vart G14 lag. Olina Kveen slutta som trener i januar 24.

Tusen takk til alle som har bidrege i året som har vore!

Handlingsplan for handballgruppa i Skjåk 2024

	Kva	Kven
April	Evalueringsmøte med trenarar og oppmenn om sesongen som var, med innlevering av alle drakter.	Styret
	Melde på lag til neste sesongen før 1. Mai. For laga J/G 10- K4.	Lagsansvarleg
	Spele inn ynskje til halltider for neste sesong til hovudstyret	Leiar
	Finne trenarar og oppmenn for alle påmeldte og komande lag.	Styret
September	1.sept er frist for å søke nasjonalt fond om dekking av lisens for enkeltspelarar. Må ha sjekka om nokon treng dette før det.	Leiar
	Skrive invitasjon til dei yngste spelarane(1.-4.klasse) etter avtale med trenarar. Kopiere opp og dele ut på barneskulane i Lom og Skjåk.	Sekretær
	Skrive informasjonsbrosjyre til oppstart, kopiere opp og dele ut. (leggje ut på Facebooksida/heimesida)	Sekretær
	Melde på lag J/G 7-J/G9	Lagsansvarleg
	Oppdatere spelarlistene i KA i samarbeid med trenarar/oppmenn. Sjekke at lisensar er ok.	Leiar og DL
	Rydde, vaske og fylle kiosken – sjekke økonomisystemet	Kioskansvarleg Økonomi
	Sjå over draktsetta, utstyr og planlegge klubbkveld	Materiellansvarleg
	Oppdatere instruksen til hallansvarleg/hallvakter/økonomi. Melde inn kampdatoar til Skjåk kommune v Nina i servicetorget. (går også automatisk pr e.post, men sjekk alltid)	Økonomi og sekretær
	Lage vaktlistar for arrangement i hallen, sende ut på e-post. Ordne dommarar til kampar.	Sekretær Dommarans.
	Sende inn dispensasjonssøknader og overgangssøknader til kretsen via TA.	Leiar DL
	Oppstartsmøte med styret og trenarar og oppmenn.	
	Søppelsekkutkjøring	Styret
	Sende ut treningskontigent (har vore gjort på haust eller vår).	Økonomi og DL
Oktober	Kick-off – både for dei som ER med og invitere nye inn!	Styret
	Starte arbeid med kalender . Mål om å ha denne klar for utlevering 15. nov.	Styret
1.januar	Sende ut lisens til dei som fyller 13 i det nye året	Leiar og DL
Jan/feb	Melde på lag til cup, skrive informasjonsskriv rundt betaling til turnering, bestille buss til turnering. Pass på fristane for dei ulike cupane. Krevje inn påmeldingsavgift.	Styret Økonomi og DL
	Skrive årsmelding og handlingsplan til årsmøtet i hovudstyret. Lage budsjett og reknskap.	Fordeles. Økonomi
Mars	Årsmøte i hovudlaget	

Kontinuerleg oppgåver:

- Oppdatere nettside og facebook, evt andre kanalar til å informere.
- Vere hallansvarlege.
- Møte i hovudstyret til idrettslaget etter innkalling
- Revidere den sportslege plan når naudsynt

Handballgruppa i Skjåk IL ynskjer å ha eit tilbod til alle som ynskjer å spele handball. Difor har vi, og vil melde på, jentelag frå J8 til seniornivå i serien. Vi har i dag ikkje eit reint guttelag, men av dei gutane som ynskje å spella får tilbod om dette. På dei yngste laga er det nå bra rekruttering, men vi slit med å halde på spelarar i overgang barneskule/ungdomsskule. Vi har i dag ikkje lag i regionsserien/ungdomsserien, det vil si over 13 år. Vi ynskjer å ha ein solid dommarstall i Skjåk.

Handballgruppa har som mål at både spelarar, trenarar og dommarar skal få utvikle seg utifrå sin ståstad, sine ambisjonar og føresetnader. Handballgruppa vil difor prøve å arrangere dommarkurs (dommar 1-kurs), trenarkurs og motivasjonsøktar, i tillegg til ordinære treningar. Spelarar som vil satse ekstra, vil få noko støtte til å delta på spelarutvikling.

Handballgruppa ynskjer at flest mogleg skal spele handball lengst mogleg. Høge kostnader ved aktivitetar kan hindre nokon i å delta, og vi ynskjer å halde kostnadene for den einskilde spelar låge. Dermed vert dugnadsarbeid på kamparrangement, sal av julekalendrar, sponsorstøtte og tilskot viktige inntektskjelder. Vi ynskjer eit tettare samarbeid med fotballgruppa for å unngå at spelarar må velje mellom greinene, og gjerne resten av gruppene i idrettslaget òg.

Handballgruppa ynskjer å setje fokus på det sosiale ved å spele handball. Viktige sosiale tiltak er dei årlege turneringane på våren og sosiale tilstellingar som dei einskilde laga arrangerer. På lange reiser til kamp ser vi det som eit sosialt tiltak med minibuss. Dette medfører transportkostnader for handballgruppa.

Handballgruppa ynskjer at draktsett, dommarklede og treningsutstyr skal halde ein god standard. Vi vil difor ta godt vare på utstyret vårt, og kontinuerleg bytte ut utstyr som må skiftast ut.





Sportsleg plan for handballgruppa i Skjåk IL

Oppretta i 2010, revidert i 2024.

Innhold

Innleiing.....	2
Grunnverdiar	2
Grunnprinsipp for treningsarbeidet vårt	2
Spelar sine oppgåver	3
Trenar sine oppgåver.....	3
Lagleder sine oppgåver	3
Foreldrevett.....	4
Barnehandball 6-12 år	5
Jenter/gutar 6-7 år	5
Jenter/gutar 8-9 år	5
Jenter/gutar 10 år	6
Jenter/gutar 12 år	7
Ungdomshandballen	8
Jenter 14 år	8
Jenter 16 år	9
Fakta om vekst, utvikling og trening	10
Dommar i handballgruppa.....	11

Innleiing

Denne sportslege planen er meint som ei hjelp i arbeidet mange legg ned for handballgruppa i Skjåk. Planen skal vera ei rettleiing for trenarar og lagleder der dei kan finne kva dei einskilde aldersgruppene skal/bør trene på, og kva som er forventninga at spelarane bør kunne på dei ulike aldersstega. Målet med planen er å sikre samordning mellom alderstrinna samt å heve nivået på både støtteapparatet og spelarane. Det er ynskjeleg at den sportslege utviklinga gjev spelarane gode opplevingar og at vi rekrutterer spelarar til spel på seniornivå.

Handballgruppa utarbeider i tillegg ein handlingsplan for kvart år. Handlingsplanen syner kva vi skal jobbe ekstra med i året som kjem.

Grunnverdiar

Det er viktig for oss at Skjåk il handballgruppa har eit godt miljø og at spelarane trivst blant medspelarar, vaksne, på bana og på tribuna. Vi vil at alle laga i Skjåk il Handballgruppa skal ynskje å spele handball med stil og ta vare på kvarandre. Vi ynskjer at punkta nedanfor skal vera retningsgjevande for alle aktive utøvarar i gruppa.

- Hjå oss skal alle spelarar føle seg velkomne.
- Alle skal kjenne glede ved handballaktiviteten.
- Alle skal føle at dei meistrar noko.
- Idretten er alkohol- og tobakksfri sone.

Grunnprinsipp for treningsarbeidet vårt

- God lagånd og kameratskap gjer laga gode og miljøet sterkt.
- Trening og krav må ikkje overstige spelarane sine eigne ambisjonar. Glede og moro er viktigare enn dugleik. Ofte fører dette til dugleik over tid.
- Alle må gjevast mest mogleg allsidig opplæring, uansett "talent", storleik og dugleik.
- Ros er mykje meir effektivt enn ris. Feilretting skal vera positiv – ikkje negativ.
- Aktivisering er ei forutsetning for læring. Prat minst mogleg – tren mest mogleg. Syrg for at øvingane har mest mogleg aktivisering - minst mogleg venting.
- Det er betre å liggje litt bak enn litt framfor spelarane sitt ambisjonsnivå. Dei som kjenner seg pressa går fort lei. Vi ynskjer flest mogleg lengst mogleg.
- Fair play

Spelar sine oppgåver

- Vi stille i rett tøy til rett tid på trening og kamp.
- Vi er konsentrerte på trening og høyrer på trenaren.
- Vi seier ifrå i god tid dersom vi ikkje kjem på trening eller kan vere med på kamp.
- Vi er greie mot kvarandre.

Trenar sine oppgåver

For at treningsarbeidet skal bli vellukka er det viktig at trenaren er førebudd, presis, held god orden og disiplin. Dette vil gje både trivsel og framgang. Trenar skal lage treningsopplegg for kvar trening. Det er viktig at trenaren lagar planer som passer til aldersnivå på spelarane eller som høver til handballkunnskapane.

- Delta på kampar både borte og heime, og på turneringar for laget.
- Finne fram til ei arbeidsfordeling for laget saman med lagleder.
- Halde eit foreldremøte i sesongen saman med oppmann og gje nødvendig informasjon om serien, trening og turneringar.
- Stimulere utviklinga til spelarane ved søke kontakt med handballmiljøet i Innlandet og kretslandet, når kvalifikasjonar tilseier det og spelarar og foreldre har vilje til det.
- Motivere spelarar for opplæring til trenarar og dommarar.
- Handballgruppa ynskjer at kvart lag skal ha hyggekveldar og anna aktivitet saman. Vi ynskjer at trenarar og oppmenn tek initiativ til slikt miljøarbeid.

Lagleder sine oppgåver

- Finne fram til ei arbeidsfordeling for laget saman med trenar(ane) og eventuelle andre oppmenn.
- Informere spelarane om treningar, kampprogram og turneringar.
- Halde eit foreldremøte i sesongen saman med trenar(ane) for å gje naudsynt informasjon.
- Lagleder saman med trenarane og spelarane er ansvarleg for at utstyr blir med på kamp og heim att. Dette gjeld: ballar, legebagg, drakter.
- Gjer deg kjent med Handball-appen for å kunne legge inn spelarane til kamp mm. Dette skal gjerast fredag før kl 12 før kamphelg.
- Lagleder må syrgje for at spelarane får informasjon om innbetaling av lisens frå 1. januar det året dei fyller 13 år.
- Ordne transport til bortekampar. Buss kan bestillast på Statoil i Lom. Lagleder skal skaffe sjåfør til bussen. Når buss ikkje er ledig må køyring i privatbilar ordnast.

- Lagleder skal vere med på kampar både borte og heime for å løyse dei praktiske oppgåvene samt for å støtte spelarane før, under og etter kamp.
- Handballgruppa ynskjer at kvart lag skal ha hyggekveldar og anna aktivitet saman. Vi ynskjer at lagleder saman med trenar tek initiativ til slikt miljøarbeid.

Foreldrevett

Engasjerte foreldre er veldig positivt, og ein viktig føresetnad for å drive barneidrett. Barn og ungdom set stor pris på at foreldre er til stades som støtte både på trening og kampar. For å førebyggje uønskt oppførsel har vi sett opp nokre reglar, som vi oppmodar foreldra til å følgje.

Møt fram til kamp

- barna ønskjer det

Gi oppmuntring til alle spelarane under kampen

- ikkje berre dine kjente

Oppmuntre i medgang og motgang. Rose innsats og når ungen meistrar noko.

- ikkje gje kritikk

Respekter trenarens bruk av spelarane og hennar/hans instruksjonar.

- ikkje forsøk å påverke han/ho under kampen eller instruer spelarane.

Dersom du ønskjer å ta opp noko med trenar/lagleiar, finn eit passande høve for dette

- ikkje prat om nokon.

Stimuler og oppmuntre ditt barn til å delta

- ikkje press

Spør ungen etter trening og kamp om han/hun hadde det gøy, lærte noko og om han/hun gjorde noko for å spille andre gode.

- ikkje berre om resultat

Sørg for riktig og fornuftig utstyr

- ikkje overdriv

Vis respekt for det arbeidet klubben gjer

- vis initiativ når klubben ber deg om hjelp

Respekter avgjerslene til dommar og arrangør, sjølv om du er ueinig.

- Unngå kjensleladd utbrot.

Barnehandball 6-12 år

Born og unge søker også handballen for å vere saman med venene sine, og fordi eit godt handballmiljø i nærmiljøet er attraktivt. Samhaldet mellom dei unge skal stimulerast, da eit slik samhald skaper lagånd. Aktivitetsnivået i klassene under 12 år må ikkje være høgare enn at ungane kan delta i fleire idrettar, og vi må oppmuntre til allsidig aktivitet. I fylgje Norsk Idrettsforbund sine vedtekter om barneidrett, skal ingen idrett være heilårsidrett for ungar under 12 år. I aldersklassene til og med 12 år har alle med tilnærma likt oppmøte på trening rett til å spela like mykje på kamp, og "topping" av laga på grunnlag av ferdigheiter skal ikkje praktiserast.

- Målet med ein kvar trening er at alle barna skal ha flest mogleg ballberøringar.
- Del inn i fleire små grupper slik at alle er mest mogleg i aktivitet hele tida.
- Prøv å fokusere på 1-2 tema på kvar trening og under kamp i en bestemt periode.
- Fokus på utvikling - ikkje resultat.
- Jambyrdigheit i kampen: Trener skal ta initiativ til å samarbeide med trener for motstandarlaget, for å oppnå mest mogleg jamne kamper.

Jenter/gutar 6-7 år

Alle skal spele på alle plasser (inkludert målvakt)

Målvakt	
Angrep	Grunnskot
Forsvar	Grunnstilling Plassering mellom mål og motstandar
Koordinasjon	Ball skal vere element i alle øvingar. Ballsprett med høgre og venstre hand.

Jenter/gutar 8-9 år

Alle skal spele på alle plasser (inkludert målvakt)

Målvakt	Plassering. Utspel. Må i tillegg kunne alle punkt under angrep, da målvakt er med framover på bana på dette nivå.
Angrep	Grep og kast i rørsle. Grunnskot.

	Hoppskot. Starte mot mål. Rørsle utan ball. Gjera seg spelbar.
Forsvar	Offensivt forsvar med fokus på å vinne ball. Koma seg mellom motspelar og eige mål. Sidelengs rørsle.
Koordinasjon	Bli dus med ballen (stussing, ballhandtering med ymse hender) Hovud- og sideruller. Mest mogleg allsidig rørsleerfaring.

Jenter/gutar 10 år

Alle skal spele på alle plasser (inkludert målvakt)

Målvakt	Plassering. Langskot. Utspel.
Angrep	Grep og kast i rørsle. Grunnskot. Hoppskot. Starte mot mål. Rørsle utan ball. Gjera seg spelbar.
Forsvar	Oppmode om offensivt forsvar som er ivrige på ball. Koma seg mellom motspelar og eige mål. Sidelengs rørsle. Støyte mot/stoppe ballførar.
Koordinasjon	Bli dus med ballen. Hovud- og sideruller. (Bruk gjerne ball). Mest mogleg allsidig rørsleerfaring. (Bruk gjerne ball)

Jenter/gutar 12 år

Alle spelarar skal kjenne til alle dommarteikna.

Alle skal få spele på alle plasser, i alle fall alle uteplasser.

Fleire målvakter.

Bruk av faste løpsmønster/ "trekk" kan òvast inn samstundes som individuelle initiativ skal koma. Samarbeid/samhandling på eige initiativ må belønnast/forsterkast.

Målvakt	Grunnstilling. Plassering og utfallsteknikk mot langskot og innhopp. Utspel/angrepsstart. Reaksjonstrening.
Angrep	Grep og kast i ein rørsle, både i rørsle og i ro. Hoppskot: Frosk og innhopp frå kant og midt framme. Grunnskot. Allsidig fintetrening (retningsendring m/u ball) Kroppsfinte. Skotfinte. Kontring: Framoverspel utan stuss, samt tjuvstart. Pådrag mellom to forsvararar – vidarespel ("opprulling"). Kast med feil hand. Rørsle med/utan ball ("overgangsspel"). Innføring i oppgåvene til dei ulike posisjonane.
Forsvar	Støyting (innlæring). Starte med samarbeid og kommunikasjon i forsvar – med fokus på ballfører. Snapping. Oppstart utan ball. Innlæring av 5:0-forsvar, men beholde offensivitet. Prøve litt mann mot mann.
Koordinasjon	Koordinasjon (siste del av motorisk gullalder): Enkle turnøvingar, fallteknikk. Allsidig leikbasert styrketrening med eigen kropp og evt. ball (stafettar og parøvingar). Bevegelegheit og tøyning. Mest mogleg allsidig rørsleerfaring.

Ungdomshandballen

